



## Referat frå møte i fylkesberedskapsrådet torsdag 19. mars 2020

**Tema:** Koronaberedskap

**Deltakarar:** Vest politidistrikt, Sør-Vest politidistrikt, HV-09, HV-11, Haakonsvern orlogsstasjon, Alarmsentralen i Florø, Bergen brannvesen, Helse Bergen, Helse Fonna, Helse Førde, NAV, NRK, Bane NOR, Avinor, KDS Hordaland, KDS Sogn og Fjordane, Telenor, Vestland fylkeskommune, Kystverket region vest, Mattilsynet region Sør og Vest, Statens kartverk, Bergen kommune, Statens vegvesen region vest, Sivilforsvarsdistrikt Sogn og Fjordane og Hordaland, Røde kors Hordaland, Røde kors Sogn og Fjordane, Fiskeridirektoratet region vest, Kyrkja, Meteorologisk institutt, Redningsselskapet region vest og Bufetat region vest.

### 1. Situasjonsoppdateringar

#### Helsesituasjonen

Vi ser ein jamn auke av personar som er smitta. Cirka 3 prosent av dei som er testa er smitta av koronaviruset. Det er ulikt press på helsetenestene rundt omkring i kommunane. Vi opplever at det er ein god kontakt mellom kommunane og helseføretaka.

Den største utfordringa dei neste fem til seks dagane er utstyrssituasjonen. Dei tre samarbeidsutvala (knytt til dei tre helseføretaka) har ein funksjon kor dei koordinerer og fordeler utstyr mellom kommunar og helseføretak der det er behov for det. Vidare vil det vere viktig å skaffe oversyn over personell og fordele dei som vert rekruttert.

**Helse Bergen:** Skryt av arbeidet som er gjort i kommunane. Helse Bergen understrekar at det er viktig at alle følgjer nasjonale retningsliner for bruk av smittevernustyr. Det kan skape ei utryggheit viss innbyggjarar opplever at dette vert gjort ulikt. Der dags dato er det få pasientar som er lagt inn på sjukehus. Det vil vere viktig at denne perioden vert nytta til å legge planar for korleis ei eskalering av situasjonen skal handterast. For kommunane vil det vere viktig å rigge seg for å handtere ein auke i tilstrøyminga av pasientar lokalt.

**Helse Fonna:** Understøtter innspela frå Helse Bergen og ber Fylkesmannen poengtere overfor kommunane behovet for å ha planar for å kunne handtere fleire pasientar i primærhelsetenesta.

#### Beredskapshandteringa

Ei av dei aller viktigaste oppgåvene til Fylkesmannen er å vere mellomledd mellom nasjonale og lokale styresmakter. Vi prioriterer veldig høgt å bringe dei ulike aktørane saman og dele informasjon.

Enkelte kommunar rapporterer at det er krevjande å levere dei tenestene dei skal, fordi mykje helsepersonell er satt i karantene. Det er òg starta eit arbeid i mange kommunar med å omdisponere eige personell over til helsesektoren. Her er det ei utfordring knytt til politiattestar. Denne problemstillinga er meldt inn til både Vest politidistrikt og nasjonale styresmakter.



Fylkesmannen brukar veldig mykje tid på å svare på spørsmål frå kommunane og på andre måtar rettleie dei. Det er to saksområde som har fått særleg mykje merksemd; lokale smittevernvedtak og problemstillingar rundt fritidsbustader.

#### *Lokale vedtak etter smittevernlova § 4-1*

I Vestland har 19 kommunar gjort lokale vedtak etter smittevernlova § 4-1, om karanteneføresegner og passering av kommunegrenser. Desse vedtaka har ført til mange spørsmål og utfordringar for næringsliv og andre. Fylkesmannen har fått i oppdrag å gjere ein kontroll av om vedtaka er lovlege. Denne prosessen er starta.

Det er viktig å understreke at alle som utfører ei samfunnskritisk oppgåve må kunne ferdast på tvers av kommunegrenser når det er nødvendig, utan å ta omsyn til dei lokale karanteneføreseggnene.

**Kyrkj**a: Prestar har utfordringar med å utføre sine oppgåver viss dei skal ta omsyn til restriksjonane ved reise over kommunegrenser. Fylkesmannen stadfester at prester i arbeid òg vil gjelde som personar med samfunnskritiske oppgåver.

#### *Ophald på fritidsbustad*

Fylkesmannen har fått svært mange spørsmål om § 5 i [forskrift om karantene, isolasjon og forbud mot opphold på fritidseiendommer mv](#). Paragrafen er ikkje sett i kraft, men det har frå alle styresmaktnivå vore ei veldig sterke oppmoding om å følgje intensjonen og ikkje reiser på hytter og fritidsbustadar. Fylkesmannen er at det har gitt mange utfordringar for kommunane, og vi tilrådde onsdag at regjeringa om å setje paragrafen i verk.

*Etter møtet trådde § 5 i forskriften i kraft med nokon justeringar. Den reviderte forskriften finn de her:  
<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2020-03-15-294>*

## **2. Prioriteringsmekanismar**

### *Fylkesmannen og fylkesberedskapsrådet si rolle i prioritering av knappe ressursar*

Det vil truleg verte større trøng for bistand frå Heimevernet og Sivilforsvaret etter kvart som situasjonen utviklar seg. For å sikre at ressursane vert brukt der behovet er størst, og ikkje berre hjå dei som spør først, vil Fylkesmannen ha ei koordinerande rolle. Dette gjeld spørsmål om støtte knytt til oppdrag som omhandlar samfunnstryggleik/samfunnskonsekvensar. Støtte som politiet ber om som ein del av redningstenesta, eller andre operasjonar innan sitt ansvarsområde, fell utanfor. Det same gjer støtte som brann- og redningstenesta ber om til t.d. sløkking av skogbrann.

Det er i ferd med å utarbeidast ei forskrift som vil rydde opp i uvisse knytt til Fylkesmannens høve til å be om direkte bistand frå Forsvaret. Det er venta at denne forskriften snart vil vere klar.

Det vil vere viktig å ha ein tett dialog mellom Fylkesmannen, Heimevernet, Politiet og Sivilforsvaret i den vidare handteringa av situasjonen, fordi det kan verte store behov og for knappe ressursar.

Fylkesmannen ønskjer å få informasjon når Sivilforsvaret og Heimevernet vert rekvirert direkte.



### 3. Kontinuitetsplanlegging – særlege utfordringar i sektorane

**Bergen kommune:** Det er stort trykk på kommunen, og dei opplever særleg utfordringar knytt til ressursituasjonen ved legevakt, rostenesta og heimetenesta.

**Bergen brannvesen:** Dei to alarmsentralane har vore i kontakt med alle brannvesena i fylket, som rapporterer om at situasjonen per no er under kontroll. Dei ser at det kan bli nokre utfordringar på sikt, men det vil truleg vere handterleg.

**Fylkeskommunen:** Har vore i dialog med Sjøfartsdirektoratet om prioritering av kritiske ferjer og båtsamband, som har fått tilbakemelding om at regionale prioriteringar må skje i fylkesberedskapsrådet.

Fylkesmannen vil følgje opp dette, og vil kalle inn aktuelle aktørar for å drøfte korleis problem skal handterast.

**Nav:** Det er ei stor auke i søknadar om dagpengar. Til no i mars har det kome 20 000 søknadar. Etaten jobbar for å få unna desse, og omdisponerer tilsette for å klare å handtere presset.

**Meteorologisk institutt:** Ca. ein tredjedel av dei tilsette er i karantene, men instituttet jobbar for å halde oppe kontinuiteten. Farevarsel har høg prioritet. Dei har høve til å spele på dei andre kontora i landet ved behov.

**Sivilforsvaret:** Den største utfordringa er tilgang på tenestepliktige mannskap. Av dei 900 dei har i plantala (litt høgare i realiteten), er rundt ein tredjedel «gripbare» i dag. Ein tredjedel har fritak fordi dei har ei rolle i ei samfunnskritisk verksemrd. Av ulike grunnar vil det ta litt tid før dei den siste tredjedelen kan nyttast, t.d. som følgje av karantene.

**HV-09:** Har tidlegare rapportert inn tilgjengelege ressursar til Fylkesmannen. Tala tek omsyn til 25 prosent fråfall av mannskap, og at militære oppgåver samstundes skal ivaretakast.

**HV-11:** Opplever det som ei utfordring at det kjem spørsmål frå privatpersonar og verksemder om å unngå at personell vert teke ut frå arbeid for å gjere teneste i HV. Områdesjefane har mynde til å gjere vurderingar i kvart enkelt tilfelle.

**Sjøforsvaret:** Hovudprioritet er å halde operativ evne i sjøforsvaret, men kan støtte det sivile samfunnet ved behov. Det vil verte sendt til Fylkesmannen eit oversyn over kva sjøforsvaret kan støtte med i krisa.

**Avinor:** Lufthamnene på Sandane og i Førde er stengt for kommersiell trafikk, men er i beredskap (kan t.d. ta i mot ambulansefly). Bergen lufthamn er open som normalt og har det dei treng når det gjeld kapasitet for bemanning.

**Redningsselskapet:** Per i dag er alle faste fartøy i operasjon. Dei har jamlege møter med HRS for å diskutere prioritering av bemanning av skøyter framover.

**Politiet:** Melder om ei god operativ evne til å ivareta sine oppgåver. Prioriterer ro og orden og liv og helse. Dei har òg særleg merksemrd på å gje assistanse til relevante aktørar og handheve smitteverntiltak.

**Telenor:** Har full merksemrd på drift og kontinuitetsplanlegging for å sikre at nettet er ope.



#### **4. Handheving av (nasjonale) smitteverntiltak**

*Rolle- og ansvarsdeling mellom politiet, kommunar og eventuelt andre (t.d. Mattilsynet for serveringsverksemder)*

Riksadvokaten har kome med eit prioritodingsdirektiv knytt til smittevernlova, og Sør-Vest politidistrikt har etablert eit lokalt direktiv. Det er berre klare brot på smittevernlova som blir følgjt opp i påtalesporet, men politiet vil prioritere førebyggande arbeid. Vest politidistrikt har same tilnærming.

Mattilsynet fører ikkje tilsyn med dei nye smitteverntiltaka knytt til serveringsstadar. Dei kjem med avklaringar og råd knytt til kva som er grensesnittet til matlova.

Sør-Vest politidistrikt understrekar at det er viktig at i dei kommunane det er gjort lokale karantenevedtak, må dei vere mest mogleg like. Fylkesmannen følgjer opp dette ovanfor kommunane.

#### **5. Rapportering**

Fylkesmannen rapporterer til DSB kvar tysdag. I tillegg skal avvik rapporteras tre gonger for veka, og elles etter behov. Fylkesmannen oppmodar medlemene i fylkesberedskapsrådet om å verte orientert viss det er problemstillingar i sektorane, særleg avvik (problem med å oppretthalde viktige samfunnsfunksjonar og infrastruktur).

#### **6. Nytt møte i fylkesberedskapsrådet**

Det vart lagt opp til eit nytt møte før påske og oftare ved behov.